



Dei 2 gardane på Fjellandsbø er ein kulturhistorisk skatt som også vert godt teke vare på av eigarane. Interessen for å la dei vera målet for turar er av denne grunn veksande og i veka som gjekk var ei gruppa på 38 frå Stord innom og beundra gardsanlegget. Dei kunne konstatere at mykje er gjort med omsyn til restaurering og vedlikehald.



Gardane har fleire gonger vore lansert som aktuell stad for TV-serien Farmen utan at det har lukkast å nå igjennom hos TV 2. Svaret har som regel vore at dei ligg for nær 'sivilisasjonen'. Imidlertid har fleire av dei gardane som er nytta vore atskillig nærare, til dømes ein gard i Valdres som låg eit lite steinkast frå hovudvegen gjennom dalføret. Difor er det nok eit klokt råd at sin ikkje skal gje opp, men stå på. TV-serien er ein framifrå marknadsføring av staden og bygda.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Jacob Thormodsæter, Stord